



STORTINGET

Innst. 168 S

(2025–2026)

Innstilling til Stortinget
fra familie- og kulturkomiteen

Dokument 8:73 S (2025–2026)

Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om Representantforslag frå stortingsrepresentantane Erling Sande, Maren Grøthe og Kjersti Toppe om betre rammevilkår for organisasjonseigde kulturbygg

skriftlig høring i saken. Innen fristen 28. januar 2026 mottok komiteen 67 høringsuttalelser.

Sakens dokumenter er tilgjengelige på sakssiden på stortinget.no.

Til Stortinget

Innledning

I dokumentet fremmes følgende forslag:

- «1. Stortinget ber regjeringa gi organisasjonseigde kulturbygg høve til å søkje om meirverdiavgiftskompensasjon for nybygg, påbygg og ombygging i tillegg til vanleg vedlikehald.
2. Stortinget ber regjeringa greie ut ein særskild pott for frivillige lag innanfor Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg eller på annan måte sørge for at fleire midlar kjem fram til dei frivillige, og kome attende til Stortinget på eigna måte.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslagene.

Komiteens behandling

Komiteen har forelagt representantforslaget for Kultur- og likestillingsdepartementet til uttalelse. Svarbrevet fra statsråd Lubna Bobby Jaffery av 29. januar 2026 er vedlagt innstillingen. Komiteen har avholdt en

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Hashim Abdi, lederen Bente Estil, og Benjamin Jakobsen, fra Fremskrittspartiet, Liv Gustavsen, Silje Hjemdal og Morgan Langfeldt, fra Høyre, Haagen Poppe og Tone Wilhelmsen Trøen, fra Sosialistisk Venstreparti, Mirell Høyer-Berntsen, fra Miljøpartiet De Grønne, Siren Julianne Jensen, og fra Kristelig Folkeparti, Jorunn Gleditsch Lossius, merker seg at organisasjonseide kulturbygg, som grendehus, samfunnshus og bedehus, er viktige møteplasser for lokal kulturaktivitet og frivillig virksomhet over hele landet, og at mange av byggene er gamle og har et betydelig behov for vedlikehold og oppgradering.

Komiteen viser til de skriftlige innspillene. Der en rekke frivillige lag og organisasjoner peker på utfordringer knyttet til økonomisk bæreevne og vedlikeholdsetterslep i forbindelse med kulturbygg, samt til at den desentraliserte ordningen for tilskudd til kulturbygg i begrenset grad når frem til organisasjonseide bygg.

Komiteen viser videre til statsrådens vurdering oversendt 29. januar 2026, der det redegjøres for gjeldende ordninger for merverdiavgiftskompensasjon og tilskudd til kulturbygg, samt departementets vurderinger av målretting, forvaltning og treffsikkerhet i ordningene.

Komiteen vil understreke betydningen av forutsigbare og treffsikre rammevilkår for eierskap i kulturbygg og at slike bygg utgjør en sentral del av den lokale kulturinfrastrukturen.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet Dei Grøne viser til at momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar har som formål å fremja frivillig aktivitet. Dette blir gjort gjennom å kompensera for kostnader som frivillige organisasjonar har hatt til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester. I forskrift om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner § 7 blir det avgrensa kva for kostnader som ikkje utløyser kompensasjon. Blant anna er det spesifisert i § 7 første ledd bokstav a at det ikkje blir gitt momskompensasjon for kostnader som gjeld «ny-, på- og ombyggingskostnader for bygg, anlegg eller annen fast eiendom som ikkje anses som drifts- og vedlikeholdskostnader».

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Framstegspartiet og Miljøpartiet Dei Grøne, viser til at det i dag finst om lag 5 500 organisasjonseigde kulturbygg i Noreg. Bygga er viktige møteplassar og arenaer for frivillig engasjement i lokalsamfunn. Ifølgje Noregs Ungdomslag er om lag 60 pst. av desse bygga reist mellom 1870 og 1960. Dette inneber at mange av bygga har store behov for vedlikehald, oppgradering og tilpassingar for å møte dagens krav til tryggleik, energieffektivitet og universell utforming. Kartleggingar i regi av Huset i bygda viser eit samla vedlikehaldsetterslep på minst 2,3 mrd. kroner. Fleirtalet forstår at dette kan innebera store kostnader for frivillige organisasjonar.

Fleirtalet viser til at det i den skriftlege høyringsrunden har kome fram at dagens ordning gir uheldige utslag når det gjeld kva for kostnader som i dag gir og ikkje gir rett til momskompensasjon. Blant anna viser fleirtalet til høyringsinnspel frå Norges Handikapforbund som skriv:

«NHF mener det er uheldig å skille på momskompensasjon for vedlikehold og nødvendig ombygginger, nybygg og påbygginger. I praksis betyr dette at du kan få momskompensasjon for å vedlikeholde trappen, men ikke når du i stedet bygger rampe.»

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet Dei Grøne er opptekne av at dagens momskompensasjonsordning for frivillige organisasjonar må oppretthaldast i tråd med formålet som er å skapa aktivitet, og er bekymra for at ordninga kan bli utvatna om ein utvidar § 7 i forskrifta til òg å inkludera bygg og anlegg. Dette er i tråd med høyringsinnspelet frå Frivillighet Norge der dei skriv at dei ønsker ei

«egen momskompensasjonsordning for frivillighetsbygg og -anlegg som i dag ikke kvalifiserer for kompensasjon i den ordinære momskompensasjonsordningen for frivillige organisasjoner eller momskompensasjonsordningen for idrettsanlegg. Denne skal dekke momsutgifter til ny-, på- og ombyggingskostnader til bygg, anlegg og annen fast eiendom.»

Desse medlemene viser til at det i dag finst ei eiga momskompensasjonsordning for idrettsanlegg. Desse medlemene er opptekne av at kulturfrivilligheita og skal ha gode vilkår, og meiner at ein heller enn å utvida dagens momskompensasjonsordning for frivillige organisasjonar bør vurdere ei eiga og ny momskompensasjonsordning for organisasjonseigde kulturbygg. Desse medlemene er opptekne av at ei slik ordning blir innretta slik at ho kan gi momskompensasjon for naudsynte oppgraderingar for blant anna å sikra universell utforming og energieffektivisering.

Desse medlemene viser til at regjeringa i februar 2026 annonserte at det skal utarbeidast ein kulturarenastrategi. Å greia ut ei slik momskompensasjonsordning for organisasjonseigde kulturbygg meiner desse medlemene vil kunne gjennomførast i denne samanhengen. Desse medlemene meiner det er viktig at strategien både legg til rette for lokale kulturarenaer i heile landet og bidrar til at kommunar og fylkeskommunar enklare kan leggja til rette for utvikling av kulturarenaer. Desse medlemene understrekar og at strategien skal bidra til grøn omstilling med fokus på gjenbruk og oppgradering av eksisterande bygg og lokaler.

Desse medlemene viser til at den desentraliserte ordninga for kulturbygg skal bidra til eigna lokalar, bygningar og utearenaer som gir rom for ulik kulturell verksemd i heile landet. Desse medlemene viser til at Oslo Economics, på oppdrag for Kultur- og likestillingsdepartementet, gjekk gjennom ordninga, som blei ferdigstilt i mars 2025. I rapporten kom det blant anna fram at det er låg kjennskap til ordninga blant frivillige organisasjonar. Det blir òg framheva i rapporten at midlane har størst effekt for frivilligheita.

Desse medlemene meiner forslaget er godt, men meiner at det å etablere ein særskild pott innanfor ordninga vil kunna skapa unauddsynt kompleksitet, med nye søknadsprossar og større administrativ oppfølging. Desse medlemene meiner ein kan oppretthalda intensjonen i forslaget gjennom å heller endra innretninga på ordninga gjennom å tydeleggjere at frivilligheita er ei prioritert målgruppe. Dette kan vera eit godt grep for å både sikra at ein større del av midlane kjem frivillige lag til gode, og samtidig gi insentiv for fylkeskommunane til å sørgja for betre informasjon om ordninga. Dette vil òg sikra involvering av fylkeskommunane og gi rom for at regionale myndigheiter framleis kan

ha fleksibilitet til å prioritera ut frå regionale og lokale behov.

Disse medlemmene fremjar difor følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa, i samband med arbeidet med kulturarenastrategien, innanfor desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg, greia ut ein særskild andel for frivillige lag, eller på annan måte sørgja for at fleire midlar kjem fram til dei frivillige laga.»

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti merker seg at organisasjonseide kulturbygg bidrar til fellesskap, deltagelse og inkludering og blir stort sett holdt i drift gjennom frivillig innsats og dugnad. Uten disse byggene ville mye av det lokale kultur- og organisasjonslivet hatt langt dårligere vilkår. Videre viser disse medlemmer til at mange av byggene på grunn av alder har et betydelig behov for vedlikehold og oppgradering. Dette blir pekt på av en rekke frivillige lag og foreninger i høringsinnspillene.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet merker seg også tilbakemeldingene om at den desentraliserte ordningen for tilskudd til kulturbygg i begrenset grad når frem til organisasjonseide bygg. Det vil være klokt med en strukturendring som fører til momskompensasjon også for oppgraderinger og tiltak som for eksempel ombygging for å imøtekomme krav til universell utforming.

Disse medlemmer er derimot noe mer reserverte med tanke på nybygg, selv om det ved noen tilfeller kan være nødvendig. Disse medlemmer mener dette på bakgrunn av at det allerede finnes mange bygg som bør utnyttes bedre og i større grad enn de blir brukt i dag. Disse medlemmer mener man i mange tilfeller kan finne gode løsninger ved å bygge om eller restaurere allerede eksisterende bygg.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti vil også understreke betydningen av forutsigbare og treffsikre rammevilkår for eierskap i kulturbygg og minne om at slike bygg utgjør en sentral del av den lokale kulturinfrastrukturen.

Disse medlemmer vil påstå, spesielt i tider med mye usikkerhet, at det er ekstra viktig å ha steder rundt i lokalsamfunn der innbyggerne kan treffes og ha arrangementer som binder innbyggerne sammen, samt skaper gode møteplasser til en fornuftig kostnad. Organisasjonseide kulturbygg er en bærebjelke i den lokale kulturinfrastrukturen over hele landet og i så måte et godt bidrag inn i dette.

Disse medlemmer merker seg at forslagsstillerne har valgt å holde ideelle organisasjoner som eier slike

bygninger, utenfor forslaget. Disse medlemmer mener dette er en svakhet ved forslaget, og fremmer derfor følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen gi organisasjonseide kulturbygg og bygg eid av ideelle organisasjoner mulighet til å søke om merverdiavgiftskompensasjon for nybygg, påbygg og ombygging i tillegg til vanlig vedlikehold.»

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne viser til at det i dag ikke finnes en omforent definisjon av hva som er en ideell organisasjon. Potensielt kan dette romme rundt 130 000 organisasjoner som er registrert med institusjonell sektorkode «7 000 ideelle organisasjoner» i Enhetsregisteret. Om Frivillighetsregisteret legges til grunn som avgrensning, reduseres antallet til i overkant av 70 000 organisasjoner.

Disse medlemmer viser også til at det er ideelle organisasjoner som også er frivillige organisasjoner, i den forstand at de har frivillig innsats. Men mange ideelle organisasjoner har ikke frivillig innsats, men et ideelt formål. Disse medlemmer viser til at omfanget av Fremskrittspartiets forslag er uklart og vil medføre betydelig økt bevilgningsbehov i en ordning som er laget for å bygge opp om aktivitet – ikke bygningsmessig vedlikehold.

Disse medlemmer mener en slik endring uansett må innebære en utredning av omfang, og viser samtidig til at Frivillighet Norge foreslår at bygg ikke tas inn i eksisterende ordning, men bør være en egen ordning, slik som den som er laget for momskompensasjon for idrettsanlegg.

Komiteen viser til at frivilligheten er limet i det norske samfunnet. Grendehus, samfunnshus og andre organisasjonseide bygg utgjør en avgjørende del av den lokale infrastrukturen som gjør det mulig med aktivitet i hele landet. Komiteen mener det er av stor verdi at disse husene fungerer som åpne og inkluderende møteplasser for alt fra barneidrett og kultur til lokal beredskap.

Komiteen deler bekymringen for det økende vedlikeholdsetterslepet på organisasjonseide bygg. Mange av disse byggene er gamle og krever betydelige investeringer for å møte dagens krav til universell utforming, brannsikkerhet og energieffektivisering. Komiteen mener det er urimelig at frivillige lag og foreninger, som allerede legger ned en enorm dugnadsinnsats, skal belastes med fulle merverdiavgiftskostnader når de oppgraderer byggene sine for å møte offentlige krav, foreta nødvendig modernisering eller for å bidra til det grønne skiftet.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, fremmer med bakgrunn i dette følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen vurdere en egen momskompensasjonsordning for organisasjonseide kulturbygg for kostnader knyttet til oppgradering, modernisering, energieffektivisering og universell utforming for deretter å komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Forslag fra mindretall

Forslag fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa, i samband med arbeidet med kulturarenastrategien, innanfor desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg, greia ut ein særskild andel for frivillige lag, eller på annan måte sørgja for at fleire midlar kjem fram til dei frivillige laga.

Forslag fra Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti:

Forslag 2

Stortinget ber regjeringen gi organisasjonseide kulturbygg og bygg eid av ideelle organisasjoner mulighet til å søke om merverdiavgiftskompensasjon for nybygg, påbygg og ombygging i tillegg til vanlig vedlikehold.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av medlemmene i komiteen fra Arbeiderpartiet, Høyre, Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet De Grønne og Kristelig Folkeparti.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til dokumentet og rår Stortinget til å gjøre følgende

v e d t a k :

Stortinget ber regjeringen vurdere en egen momskompensasjonsordning for organisasjonseide kulturbygg for kostnader knyttet til oppgradering, modernisering, energieffektivisering og universell utforming for deretter å komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 17. mars 2026

Bente Estil

leder

Morgan Langfeldt

ordfører



**DET KONGELIGE
KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortinget - Familie- og kulturkomiteen
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
26/61-

Dato
29. januar 2026

Svar på spørsmål om vurdering av representantforslag 8:73 S (2025-2026)

Eg viser til representantforslaget frå stortingsrepresentantane Erling Sande, Maren Grøthe og Kjersti Toppe om betre rammevilkår for organisasjonseigde kulturbygg – Dokument 8:73 S (2025-2026). Representantane har fremja følgjande forslag:

- 1. Stortinget ber regjeringa gi organisasjonseigde kulturbygg høve til å søkje om meirverdiavgiftskompensasjon for nybygg, påbygg og ombygging i tillegg til vanleg vedlikehald.*
- 2. Stortinget ber regjeringa greie ut ein særskild pott for frivillige lag innanfor Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg eller på annan måte sørge for at fleire midlar kjem fram til dei frivillige, og kome attende til Stortinget på eigna måte.*

Under følgjer svar på spørsmåla:

I den gjeldande meirverdiavgiftskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar blir det gitt kompensasjon for drifts- og vedlikehaldskostnader knytt til bygg og annan fast eigedom som er del av den frivillige og ikkje-fortenestebaserte delen av verksemda. Dette inneber at kostnader til naudsynt oppgradering, som til dømes utskifting av elektrisk anlegg eller gamle vindauge, er del av i kompensasjonsgrunnlaget. I 2025 fekk Norges Bygdekvinne lag, Norges Bygdeungdomslag, Noregs Ungdomslag og ei rekkje grendehus, grendelag, samfunnshus, bedehus og bygdelag om lag 29 mill. kroner i meirverdiavgiftskompensasjon for aktivitetar og vedlikehald av hus. Desse midlane omfatta om lag 750 ulike organisasjonar.

Frå 1. januar 2026 vart eit nytt regelverk for meirverdiavgiftskompensasjonsordninga gjeldande. I det nye regelverket har ein heva grensa for når det er kravd at ein nyttar statsautorisert revisor frå 5 mill. kroner til 7 mill. kroner i driftskostnader. Med dette er fleire

enn 95 prosent av mottakarane no fritakne frå denne kostnaden. Grensa for når organisasjonane må gjere frådrag i den forenkla modellen er og heva frå 5 mill. kroner til 7 mill. kroner.

Mange bygdelag og grendehus driv noko utleige av bygg. Frå 2026 vil organisasjonar som har driftskostnader under 7 mill. kroner i den forenkla modellen ikkje lenger måtte trekkje ut kostnader knytt til slik utleige. Endringane vil gjere dette arbeidet mykje enklare for svært mange organisasjonar.

Verdiskapande tiltak som medfører ei vesentleg standardheving, eller nybygg, gir ikkje rett til kompensasjon. Dette er fordi føremålet med ordninga er å fremje frivillig aktivitet. Om ei utviding av ordninga hadde gitt kompensasjon for kostnader ved nybygg og større verdiskapande tiltak, ville det i stor grad flytta midlar vekk frå aktivitet og over til investeringar. Ei slik endring ville i hovudsak vore eit gode for dei større organisasjonane – aktørar som anten har mykje bygningsmasse frå før, eller som har økonomisk kapasitet til å investere i nybygg. Dette kunne potensielt gått ut over dei små og mellomstore organisasjonane, og medført ei mindre treffsikker ordning med meir skeiv fordeling av midlane.

Den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg er ei statleg tilskotsordning finansiert av spelemidlar, med ei samla ramme på 86,5 mill. kroner i 2025. Ordninga skal bidra til eigna lokale, bygningar og utearenaer som gir rom for ulik kulturell verksemd, og omfattar mellom anna kulturhus, fleirbrukslokale og spesialtilpassa bygg for kunst og kultur. Fylkeskommunane forvaltar ordninga og prioriterer søknader i tråd med regionale behov og kulturpolitiske mål.

Oslo Economics gjennomførte i 2025 ein ekstern gjennomgang av ordninga. Rapporten viser at ordninga fungerer som eit viktig verkemiddel for utvikling av kulturarenaer, særleg i distriktskommunar. Den peikar samstundes på fleire utfordringar. Mellom anna er kjennskapen til ordninga låg blant frivillige aktørar – berre 14 prosent av organisasjonane kjenner til ordninga. I tillegg er det store variasjonar i fylkeskommunal prioriteringspraksis, og forvaltninga av ordninga kan opplevast som ressurskrevjande, om ein ser den opp mot storleiken på tilskotsramma.

Departementet følgjer opp funna frå gjennomgangen i arbeidet med forskriftsfesting av den desentraliserte ordninga. Forskrifta skal utarbeidast i dialog med fylkeskommunane, og arbeidet vil omfatte ei vurdering av dei samla utfordringane i ordninga: Dette omfattar ei vurdering av kva som må til for at midlane skal fordelast på ein meir treffsikker og føreseieleg måte for både frivillige aktørar og andre eigarar av kulturbygg.

Ei særskild pott vil kunne skape unødig kompleksitet, med nye søknadsprosessar, eigne kriterium og større administrativ oppfølging. Dette kan svekkje oversikta i ordninga og gje meir forvaltningskostnader. Departementet meiner at ein samla forskriftsrevisjon, der ordninga blir tydelegare avgrensa, betre tilgjengeleg og meir målretta, vil på ein betre måte sikre at ordninga fungerer, og at midlane når fram dit dei skal .

Samstundes er det sett i verk tiltak som skal betre frivillige lag si tilgang til ordningane. Noregs Ungdomslag har gjennom Huset i Bygda motteke støtte frå Kulturrom til å utvikle verktøy som gir eigarar av organisasjonseigde kulturbygg betre oversikt over tilstand og behov for vedlikehald. Slike tiltak kan styrkje søknadsgrunnlaget og redusere barrierar for frivillige bygg i møte med tilskotsordningane.

Endringane i kulturlova som vart gjeldande frå 1. juli 2025, inneber òg at kommunar og fylkeskommunar skal ha skriftleg oversikt over status og utviklingsbehov på kulturfeltet, og fastsetje mål og strategiar i planar etter plan- og bygningslova. Dette vil styrkje kunnskapsgrunnlaget om investeringsbehov i kulturbygg, inkludert frivillige og organisasjonseigde hus, og leggje til rette for meir treffsikre prioriteringar når ein skal vurdere framtidige søknader.

Med helsing frå


Lubna Jaffery

